



# DET NORSKE TEATRET



**SPELPLANEN PÅ ANDRE TEATER :****Hovedscenen :**

"Løke" av Peder W. Cappelen.  
 Regi : Eva Skiøld — première 30. aug.  
 "Hvem er Ernest?" av Oscar Wilde.  
 Regi : Kjetil Bang-Hansen.  
 "Spøksonaten" av August Strindberg.  
 Regi : Stein Winge — première 20 sept.

**Amfiscenen :**

"Alice i Underverdenen" av Klaus Hagerup.  
 Regi : Stein Winge.  
 "Filantropen" av Christopher Hampton.  
 Regi : Janken Varden.  
 "Kierlighed uden strømper" av Johan Herman Wessel.  
 Regi : Finn Kvalem.  
 "Gengangere" av Henrik Ibsen.  
 Regi : Pål Løkkeberg.

**For barn :**

"En modig mygg" av Turid Balke.  
 Regi : Turid Balke.

**Mogaland Teater**

"Onkel Vanja" av Anton Tsjekov.  
 Regi : Sam Besekow.  
 "Hvem er Ernest?" av Oscar Wilde.  
 Regi : Merete Skavlan.



"Siste Rødgledende elsker" av Neil Simon.  
 Regi : Toralv Maurstad.  
 "40 Karat" av Pierre Barrilet / Jean Pierre Grédy.  
 Regi : Toralv Maurstad.  
 "Snushane" av Anthony Schaffer.  
 Regi : Terje Mærli — première ult. aug.  
 "En lykkelig begivenhet" av Slavomir Mrozek.  
 Regi : Per Theodor Haugen — première primo sept.  
 "Skjærgårdsflirt" folkekomedie av Gideon Wahlberg.  
 Regi : Erik Lassen.

**Barneteatret :**

"Kort og godt" — et sammensatt barneprogram.  
 Regi : Barthold Halle.

**trøndelag teater**


"Nok sex takk" av A. Marriot og A. Foot.  
 Regi : Håkon Qviller — première medio sept.  
 "Lille Eyolf" av Henrik Ibsen.  
 Regi : Otto Homlung.

**For barna :**

"Pang pang" av Ingrid Reuter Skiøld.  
 Regi : Randi Baalsrud.  
 "I Bakvendtland" — et lekespill av Alf Prøysen.  
 Regi : Rolf Daleng.



"Valkyrien" av Richard Wagner.  
 Regi : Lars Runstén — première 6. sept.  
 "Carmen" av Georges Bizet.  
 Regi : Ivo Cramér.  
 "Anne Pedersdotter" av Edvard Fliflet Bræin.  
 Regi : Lars Runstén.



## FRÅ EIN SAMTALE MED TORMOD SKAGESTAD

— Korleis kan du som teatersjef få tid til å skrive skodespel?

— Forfattaren i meg er nok for seigliva til å sleppe taket heilt. Men — skal ein administrere eit teater, blir det ikkje mykje tid og ro til å skrive. Eg hugsar svært godt kva for eit dilemma dette var den gongen eg vart spurd om å ta over som teatersjef.

— Men du har da rokke å skrive ei rekkje skodespel, diktsamlingar og høyrespel?

— Ja, men symptomatisk nok vart det meste skrive før eg tok over på Det Norske Teatret. Dei siste ti — tolv åra er det blitt mindre. Skodespel har eg ikkje skrive sidan «Byen ved havet» vart til i 1957.

— Finst det eit gjennomgangstema i det du har skrive?

— I «Under treet ligg øksa» vart alléen opp til garden hogd ned — av effektivitetsomsyn, i «Flyplassen» tapte menneske og miljø i kampen mot ein jetflyplass. I «Byen ved havet» er det rykta om eit uranfunn under den vesle kystbyen som set spørsmålet om det einskilde mennesket sitt ansvar i fokus. Skal vi ofre framtida for kortsiktig profitt? I «Det stig av hav» fører eg denne lina vidare.

— Korleis kom du på tanken om å nytte Ibsens «Peer Gynt» som modell for eit skodespel?


— Impulsen kom frå arbeidet med «Ragnhild-treet», og det heile sprang ut av eventyret om ein norsk gubbe og dei tre sønene hans. Gubben vart Dovregubben og den eldste sonen Per Gynt, den andre Pål og den tredje Espen Oskeladd. Etter kvart kom gubben sjølv og den eldste sonen til å dominere spelet; begge hadde frå før teke steget over frå eventyret inn i litteraturen: Ibsen har gjort dei til symbol på sterke drag i norsk folkekarakter. I «Det stig av hav» har eg plassert figurane hans inn i ny samanheng i eit spel som handlar om vår tid og om vår bakgrunn og fortid og om det som vonleg i k k j e blir vår framtid. Eg har brukt Ibsens «Peer Gynt», verseforma, drag av dramaturgien og innimellom direkte sitat for å gje assosiasjonsbakgrunn, men eg vonar at det likevel skal stå fram som eit nytt stykke, med ein annan problematikk. Ibsens Peer Gynt går utanom, Per i «Det stig av hav» rett på. Men dei har mellom anna det felles at ingen av dei veit å nytte ut det beste i seg sjølv.

Tormod Skagestad debuterte som lyrikar på Aschehoug i 1946 med «Om fjellprofilan låg ei gullrand spent». Sidan følgde «I natt skal mange våke» (1947), «Mørkt vatn glid mot havet» (1950) og «Havdøgn» (1965).


Han har òg skrive ei rad høyrespel, og Det Norske Samlaget har gitt ut fem av dei under tittelen «I gryet blir månen grå» (1966).

Som dramatikar debuterte han i 1954 med «Den kvite folen», deretter kom «Under treet ligg øksa» (1955), «Flyplassen» (1956) og «Byen ved havet» (1962). I åra 1958-63 kom dramatiseringa av Sigrid Undsets «Kristin Lavransdatter», med «Kransen» i 1958, «Husfrue» i 1960 og «Korset» i 1963. Tidligare i år hadde vi premiere på «Ragnhildtreet», som var tinga i samband med feiringa av 1100-års jubileet for rikssamlinga.

Så vel høyrespel som skodespel er blitt omsette til ymse språk, og spela i fleire land.







Er det olje det der som på havyta skimrar  
så langt augo ser! Nei, nei, hildring det er!  
Eit fata morgana som for augo mine flimrar.  
Nei, eg tar ikkje feil! Det er olje det der!  
Kva skal vi med torsk, sild, lodde og kolje,  
Eg manar deg trollkvern i havet: mal olje!  
Der stig han frå botnen og boblar i dagen  
så havet ikring meg ser ut som skarlagen!  
Havet ligg og rugar over ein skatt!  
Men no skal han fram or mørke og natt,  
og førast i land på dei norske kyster!  
Norske-renna er da så smal:  
Ein rørledning berre, ein oljekanal!  
Som ein livsens flod ville oljen da skylle,  
og norskekysten så fattig og dyster,  
med trivsel og brusande verksemd fülle! —  
Snart ville heile den lange leid  
som Storhavet marmande brusar kring,  
liggja der som ein lysande breid  
strime, der alt er herleg i sving!  
Folk ville byggja seg by ved by!  
Sotfarga luft ville falle frå sky.  
Fabrikkpipar gro om kvar vik og kvart fjell,

der røyk skulle stige frå gry til kveld,  
og rik vart kvar fiskar og bondetrell.  
Landet i nord bak brenningens mur  
vart ein kyst med dolce vita-kultur!  
Og h e r i mitt hav, i ein oljeoase,  
vil eg forplante den norske rase.  
Byggja ei øy av norsk granitt, —  
eit senter for tanking og oljetransitt!  
Det dølske blodet er kongeleg, nesten.  
Europeisk gruppesex ordnar resten!  
Rundt om ei vik på ei stigande strand  
legg eg Pereopolis, hovudstaden.  
Til borgarmeister treng eg ein m a n n,  
så det får bli sjølvaste Vestlandsfaen!  
Da skal det vekse som hildring or hav  
ein skyskraparby over brott og kav,  
med røter i veldige oljefunn!  
Der held eg eit harem av senioritas,  
og alle Europas las dulces vidas  
skal samlast der ute på Fladen grunn!  
Ja, verda er avlegs! No kjem turen  
til Gyntiana, mitt unge land!



Ein gong i gamle, gamle dagar var det to brør, den eine var rik og den andre fattig. Då julekvelden kom, hadde den fattige ikkje matsmulen i huset, korkje av sul eller brød, og så gjekk han til bror sin og bad om litt i Guds namn. Det var vel ikkje første gongen broren hadde måtta gi han; men nøyde var han støtt, og ikkje vart han særleg glad i han no heller.

«Vil du gjere det eg bed deg, skal du få ei heil fleskeskinke,» sa han. Det lova stakkaren på flekken og takka til.

«Der har du skinka. Reis så beint til helvete!» sa den rike, og kasta fleskeskinke bort til han.

«Ja, det eg har lova, får eg halde,» sa den andre, han tok skinka og la avgarde.

Han gjekk og han gjekk, heile dagen, og i mørkninga kom han ein stad der det lyste så gildt. Her skal du sjå det er, tenkte mannen med skinka. Ute ved vedskjulet stod ein gammal mann med langt, kvitt skjegg og hogg juleved. —

«God kveld!» sa han med fleskeskinke.

«God kveld igjen! Kvar skal du hen så seint?» sa kallen.

«Eg skal nok til helvete, dersom eg er på rett veg,» svare fatigmannen.

«Jo, du har gått rett nok, det er her,» sa den andre. «Når du no kjem inn, vil dei alle kjøpe fleskeskinke di, for fleisk er sjeldsynt kost i helvete; men du skal ikkje selje den, med mindre du får den handkverna som står bak døra, for den. Når du kjem ut att, skal eg lære deg å stille kverna, den er nyttig til noko av kvart, den.»

Ja, han med skinka takka for god rettleiing, og banka på hos fanden.

Då han kom inn, gjekk det som den gamle mannen hadde sagt, alle djevlane, både små og store, kringsette han som maur og makk og den eine baud over den andre på fleskeskinke. «Rett nok skulle eg og kjerringa hatt ho til julekveldsmat, men når de er så oppsette på ho, får de vel få ho, då,» sa mannen. «Men skal eg selje henne, vil eg ha den handkverna som står bakom døra der borte.»

Den ville fanden nødig vere av med, og tinga og pruta; men mannen vart ved sitt, og så måtte fanden ut med kverna.

Då mannen kom ut på garden, spurde han den gamle vedhoggaren korleis han skulle stille kverna, og då han hadde lært det, sa han takk for seg og la heimetter det fortaste han vann; men likevel rakk han ikkje heim før klokka slo tolv julenatta.

«Men kvar i all verda blir det av deg då?» sa kjerringa. «Her har eg sete time ut og time inn og vona og venta, og har ikkje så mykje som to pinnar å leggje i kors under julegrautgryta.»

«Å, eg kunne ikkje før kome, eg hadde noko av kvart å gå etter, og lang veg hadde eg òg. Men no skal du sjå!» sa mannen og han sette kverna på bordet, og bad ho først male lys, så duk og så mat og øl og alt som godt var til julekveldskost, og etter som han sa føre, så mol kverna.

Kjerringa korsa seg den eine gongen etter den andre, og ville vite kvar mannen hadde fått kverna frå, men det ville han ikkje ut med; «det får vere det same kvar eg har fått henne; du ser kverna er god, og kvernvatnet frys ikkje,» sa mannen. Så mol han mat og drikke og alle gode ting til heile jula, og tredjedagen bad han til seg venene sine, då ville han ha gjestebod.

Då den rike broren såg alt det som var i gjestebodsgarden, vart han harm og vill, for han kunne ikkje unne bor sin noko. «Om julekvelden var han så nødig at han kom til meg og bad om litt i Guds namn, og no gjer han lag som han skulle vere greve og konge,» sa han.

«Men kvar i helvete har du fått all rikdomen din ifrå, du?» sa han til broren.

«Bakom døra,» sa han som åtte kverna, han brydde seg ikkje om å gjere han noko rekneskap for det, han.

Men ut på kvelden, då han hadde fått litt i hovudet, kunne han ikkje berge seg, då kom han fram med kverna. «Der ser du den som har skaffa meg all rikdomen!» sa han, og så let han kverna male både det eine og det andre.

Då broren såg det, ville han på død og liv ha kverna, og langt om lenge skulle han då få den og, men tre hundre dalar måtte han gi for den, og så skulle den andre få ha den til slåttonna; «for har eg hatt ho så lenge, kan eg ha male opp for mange år,» tenkte han. I den tida kan ein nok vite kverna ikkje vart rusten, og då slåttonna kom, fekk broren henne; men den andre hadde vakta seg vel for å lære han å stille henne.



Det var om kvelden at den rike fekk kverna heim til seg, og om morgonen bad han kjerringa gå ut og breie etter sláttekarane; han skulle lage dugurden sjølv i dag, sa han.

Då det leid mot dugurdstid, sette han kverna på kjøkkenbordet. «Mal sild og velling, og det både fort og vel!» sa mannen. Og kverna til å male sild og velling, først alle fat og trau fulle, og sidan over heile kjøkkengolvvet. Mannen fikla og stelte og skulle få kverna til å stanse, men korleis han snudde og fingra på henne, så helda kverna på, og om litt nådde vellingens så høgt at mannen var nære på å drukne. Så reiv han opp stuedøra, men det var med naud og neppe han fekk fatt i dørklinka nede i vellingflaumen. Då han fekk opp døra, var han ikkje lenge i stua, skal eg tru; han sette ut, og sild og velling etter han så det fossa ut over både gard og jorde.

Nå syntest kjerringa, som dreiv på og breidde høy, at det drygde vel lenge før dugurden var ferdig. «Om ikkje mannen ropar heim, får vi gå likevel; han kan vel ikkje stort med å koke velling, eg får vel hjelp'n,» sa kona til sláttefolket.

Ja, så rusla dei heimetter. Men då dei kom oppetter bakkane eit stykke, møtte dei sild og velling og brød, for og slang om einannan, og mannen sjølv føre flaumen.

«Gi det var hundre vommer på kvar av Dykk! Men pass Dykk at De ikkje druknar i dugurdsvellingens,» skreik han, han sette forbi dei som om det var den slemme i hælene på han, og nedetter dit broren budde. Han bad han for Guds skuld ta ætt kverna, og det på augneblinken; «mel ho ein time til, så forgår heile bygda i sild og velling,» sa han. Men broren ville slett ikkje ta henne før den andre betalte han tre hundre dalar til og det måtte han då.

Nå hadde den fattige både pengar og kvern, og så vara det ikkje lenge før han fekk seg ein gard, mykje gildare enn den broren budde i; med kverna mol han opp så mykje gull at han kledde garden med berre gullplater, og den garden låg tett ved havkanten, så det lyste og skein av han langt ut over fjorden. Alle som segla framom der, skulle no innom og helse på den rike mannen i gullgarden, og alle så ville dei sjå den artige kverna, for den gjekk det ord av både vidt og breitt, og det var ingen utan han hadde høyrte tale om den.

Langt om lenge kom det og ein skipper som ville sjå kverna; han spurde om ho kunne male salt. Jo, den kunne male salt då! sa han som åtte ho. Og då skipperen hørde det ville han med naud og makt ha kverna, koste kva det ville; for hadde han den, tenkte han, så slapp han å segle langt bort over sjø og bær etter saltladningen. I førstninga ville ikkje mannen vere av med henne, men skipperen både tagg og bad, og til sist selde han henne då, og fekk mange, mange tusen dalar for henne.

Då skipperen hadde fått kverna på ryggen, stansa han ikkje lenge der, for han var redd det skulle dra etter mannen; å spørja korleis han skulle stille den, hadde han no slett ikkje tid til, han sette ned til skuta det fortaste han kunne, og då han kom eit stykke ut på sjøen, fekk han kverna opp. «Mal salt, og det både fort og vel!» sa skipperen. Ja, kverna til å male salt, og det så det spruta. Då skipperen hadde fått skipet fullt ville han stemme kverna, men korleis han enn bar seg åt, og korleis han stelte ho, så mol kverna like ratt, og salthaugen voks høgare og høgare, og til sist så gjekk skuta til botns.

Der står kverna på havsens botn og mel den dag i dag, og derfor er sjøen salt.

**TORMOD SKAGESTAD**

# Det stig av hav

Regi:	TORMOD SKAGESTAD
Scenografi og kostyme:	ARNE WALENTIN
Regiassistent:	ROLF DALENG
Inspisient:	KRZYSZTOF SELIGA
Masker og parykkar:	DORO WALSTAD
Sufflør:	ARNA HAMMERSMARK
Rekvisitør:	ELISABETH SAND

**Première laurdag 23. september 1972**

Programredaksjon:  
Foto:  
Trykk:

Halldis Hoas  
Sturlason  
Norsk Prent L/L, Oslo

**PERSONANE:**

Dovregubben .....  
Per Gynt .....  
Pål .....  
Espen .....  
Første bonde .....  
Andre bonde .....  
Tredje bonde .....  
Framandkaren .....  
Ibsen .....  
Bjørnson .....  
Garborg .....  
Sivle .....  
Første gatejente .....  
Andre gatejente .....  
Tredje gatejente .....  
Første byplanleggjar .....  
Andre byplanleggjar .....  
Monsieur Pompadour .....  
Mr. Ascot .....  
Herr Oberkopf .....  
Signor Dolche .....  
Herr Swensson .....  
Aslak Smed .....  
Kapteinen .....  
Presten .....  
Ei jente .....


**Dansarar: WENCHE LUND MAIN KRISTOFFERSEN KIRST  
NE LINDHOLM ROY LINDQUIST HELGE LINNAAF LEIF E  
LUND**

**Spelemann: SIGBJØRN BERNHOFT OSA**

..... INGOLF ROGDE  
..... LASSE KOLSTAD  
..... TORGEIR FONNLID  
..... NILS SLETTA  
..... EINAR WENES  
..... WILLIAM NYRÉN  
..... KÅRE WICKLUND  
..... BJARNE ANDERSEN  
..... PÅL SKJØNBERG  
..... MAGNUS TVEIT  
..... NILS SLETTA  
..... JOHAN KJELSBERG  
..... ANITA RUMMELHOFF  
..... SIDSEL RYEN  
..... KARI RASMUSSEN  
..... BJØRN JENSEG  
..... SVERRE WILBERG  
..... JOHAN KJELSBERG  
..... BJØRN JENSEG  
..... TOM TELLEFSEN  
..... MAGNUS TVEIT  
..... SVERRE WILBERG  
..... MAGNE LINDHOLM  
..... BJARNE ANDERSEN  
..... PÅL SKJØNBERG  
..... MARIT KOLBRÆK

ALVEBERG BJØRG WIEGELS TOVE EDWARDS MAG-  
ØRNESETH RUNAR BORGE JON BERLE SVENN BERG-

## Slik Noreg var . . .



«— Med Samfærselens Aabning ved Hjælp af Veje og Dampere trænger den ny Tids Bevægelighed overalt raskt ind, saa alt hvad der er statisisk sandt i Dag, forhaabentlig vil bli forældet i Morgen.

Man kunde maaske nogenledes efter Landkaarter danne sig et Begreb om de ubenyttede Landvidde, som endnu kan bringes under Dyrking.. Men ingen Gjætning formaard at oplyse, hvilke Virkningerne ville blive af Forbedringer i det hele Stel og i den samlede Drift. Saameget tør man dog vel have Erfaring om, at slige Fremskridt lettelig kunde bringe Norges udbytte af Næringsmidler op i mod det Dobbelte imod nu. Saa ydmygende som dette end kan være med hensyn til hvad der allerede burde være udrettet, indeholder det dog den trøstelige Udsigt, at der fremdeles kan skaffes Udvej til en meget forøget befolkning, og at Landets Hjælpekilder endnu paa langt nær ikke ere udnyttede. Det gamle Land frembyder altsaa fremdeles et stort, nyt Felt for Fremskridt.»

Ludvig Kr. Daa, 1859

«Thi hvorfor skulle Norge vel ellers have faaet sine tusinde Kvadratmile af nøgent Høifjeld, hvoraf kun en forsvindende liden Del kan gøres i Penge, denne endeløse Mangfoldighed af skyhøie Topp og Tinder, den ene vildere og interessantere formet end den anden, disse dybe, stængte Dale med de storartede Fossefald og svimlende Styrtninger, de prægtige Høifjeldsjagter, alle fiskerige Elve og Indsøer, hele denne rige Vegetation af deilige Fjeldvæxter? Hvorfor vel, om ikke først og fremst for at være til en Sjæls- og Legemsforfriskelse, til Aandens glade Opløftelse, en Foryngelse i Naturens Moderskjød for alle Dem, hvis fængselslignende Afspærring, med aands- og legemsforkuende Arbeider, Læsepultens, Skrivebordets, Kjøbmandsdiskens og Værkstedets.»

J. B. Barth, 1880



«Et Land som har nogle større Stæder, men ingen tæt Landbefolkning, maa vesentlig være øde og ubenyttet. . . . Et Land, som blot har Agerdyrkende, men saagodtsom ingen større Stæder, kan ikke have nogen udviklet Handel eller Værksflid.

Kulturen maa være ringe. Det lidet, som haves af højere Bekvemmeligheder, maa kjøbes. By- og Landbefolkning er derfor af Viktighed. Dersom Byerne ere overvejende, lever Folket fornemmelig af Tilvirkning og Omsetning. Dersom Landsbygden har den større Folkemængde, drive de fleste Mennesker paa den oprindelige Udvinning af Jorden, Havets og Grubens Skatte.

Disse tvende Befolkninger virker forædlende og belivende paa hverandre. Hvor der ikke er Industri og Handel, maa Jorddyrkeren endog i det frugtbarste Land være forholdsvis fattig. Hans Overskud kan ikke sælges til høje Prise nærved.»



Ludvig Kr. Daa, 1859



Slik er verda no .....

Knapsack, Vest-Tyskland — industri og bustadområde side om side. Barna i Knapsack — med lungene fulle av kjemisk røyk og kolstøv — blir sjuke tre gonger så ofte som barna i Køl'n, 12 km unna.

Foto: Jacob Forsell  
Pressens Bild AB,  
Stockholm




Oljeskadd fugl frå Les sept îles, Frankrike.  
Photo A.F.P., Paris









Ei stjerne sprengdest. Var det kanskje vår jord  
som lysande over himlen fór?  
Etterglansen ser eg enno gløde.  
Lyse, slokne, gå inn i eit øde.  
Er det ingen i heile stjernevrmlen!  
Ingen i avgrunnen, ingen i himlen!  
Så useieleg fattig kan ei sjel da gå  
og virre evig i det oskegrå.  
Jord, du var herleg, før eg med fot og hand  
brende svart ditt gras, dine skogar, dine blomar, —  
hekta av deg din vår, din vinter, din somar,  
din haust, — kvar årstid som sveiv rundt deg i lysande  
dans.

Hav, du var herleg før eg sløkte din glans!  
Herleg var den luft som eg eingong anda inn,  
ho kjærteikna alt levande med sval, god vind,  
og let sol og regn skifte så jorda bar rik grøde.  
Herleg var du sol, før du brende oss til døde.  
Herlege sol og herlege jord,  
de var dumme at de bar og lyste for mi mor.  
Kløktig var mennesket, og naturen rik.  
Dyrt å bøte med alt liv for fødselen slik.



Over Lasse Kolstad som Peer Gynt i Skagestads velkjende oppsetjing av Ibsens skodespel i 1962 — under som Per i den parallelle situasjonen i «Det stig av hav».



På Hovudscenen spelar vi

## **BØR BØRSON JR.**

av Johan Falkberget/Harald Tusberg med musikk av Egil Monn-Iversen

Regi: Sverre Udnæs

I tittelrolla Rolv Wesenlund

Neste premie kjem i slutten av oktober og blir August Strindberg:

## **Påske**

Regi: Gerhard Knoop

Dekor: Snorre Tindberg

Kostyme: Grethe Wang

Med Astrid Sommer, Odd Furøy, Bente Børsum, Britt Langlie, Bjørn Skagestad, Harald Heide Steen

I november tar vi opp at Tormod Skagestad:

## **RAGNHILDREET**

Regi: Tormod Skagestad

Scenografi: Arne Walentin

Med m.a. Ole-Jørgen Nilsen, Svein Erik Brodal, Lasse Kolstad, Tordis Maurstad

For barna:

### **VESLEFRIKK MED FELA**

Ein barnemusical av ASBJØRN TOMS med musikk av TOR HULTIN. I tittelrolla NILS SLETTA

Premiere primo november

På SCENE 2 spelar vi

Erik Torstensson:

## **OM SJU JENTER**

Regi: Ingebjørg Sem

Scenografi: Snorre Tindberg

Med m.a. Wenche Medbøe, Kirsti Kolstad, Britt Langlie, Arne Lindtner Næss, Alf Malland

Neste framsyning blir

Jean-Paul Sartre:

## **SKITNE HENDER**

Regi: Svein Erik Brodal

Dekor: Tom Berre

Kostyme: Grethe Wang

Med m.a. Jack Fjeldstad, Ole-Jørgen Nilsen, Ulrikke Greve, Ragnhild Hilt, Per Christensen

For barna:

## **I BAKVENDTLAND**

Eit leikespel av Alf Prøysen

Regi: Rolf Daleng

Med Eva Solbakken som Væsla og Ole A. Simensen som Borgmesterpappa'n

## SPELPLANEN PÅ ANDRE TEATER :



"Don Juan" av Molière.  
Regi : Otto Homlung.

### Lille Scene :

"Dengang" av Harold Pinter.  
Regi : Sven Henning.

### Barneteatret :

"Taremareby" av Ingebrigt Davik / Asbjørn Toms.  
Regi : Arne Jacobsen.



"Catalina" av Henrik Ibsen.

Regi : Svein Erik Brodal — première 2. sept.

"Inger til Østråt" av Henrik Ibsen.

Regi : Elisabeth Bang — première 18. sept.

"Jan Pallach" av Erwin Silvanus.

Regi : Knut M. Hansson — première 22. sept.

"Penger i banken" av Kurt Flatow.

Regi : Jon Lennart Mjøen — première 14. sept.



Botnen - 68